

SKULEMINNE FRÅ VIK KRINS

Bjørg Dæmring Berge

Denne teksten er ei samling av kvardagshendingar slik ei jente frå krinsen opplevde det. I den nære etterkrigstida var dette gjerne ikkje særleg mykje å skriva om, for slik var det nok for dei fleste utover bygdene. Men i dag er det blitt ein del av vår nære fortid som dagens barn og unge ikkje er i nærleiken av å oppleva: Det er blitt historie.

Til Vik krins sokna borna frå Straume, Hesjedalen, Øyane og Vik.

Skulevegen.

Klokka var halv åtte ein kald, mørk vintermorgon. Me var fem småskuleborn på skuleveg frå Straume til Vik. Me byrja ofte dagen med å krangla. Opphavet til krangelen var båten som me måtte bruka for å koma over fjorden frå Dæmring til Straume. Som oftast hadde me turnusordning om kven som skulle løysa båten eller ausa han. Like eins om kven som skulle dra opp ilen, ro, kasta ut ilen og beleggja båten på Straumssida. Men når snøen låg kvit i båten, båtfesta var frosen og tofta kald og våt, var det alltid nokon som ville ha den lettaste jobben. Dermed byrja kranglinga! Å beleggja ville helst ingen gjera, fordi det hefta slik at dei andre kan-skje byrja å gå ifrå den som vart att.

Frå Straume hadde me fylgje med dei andre borna. Når Bolstadfjorden fraus til med is, gjekk Jåbæk i rute mellom Stamnes og Stanghelle. I slike tider køyrde brøyte-bilen berre til "Hedlo" om morgonen, før bussen køyrde ikkje til Straume då. I slike tider vart det gjerne ikkje brøytt før utpå ettermiddagen. Ingen tenkte på skuleborna som måtte vassa i snø til langt opp på leggen.

Når me så kom til skulen, var me både våte og trøytt og tørste. Men springen var gjerne frosen, og då måtte me ned til ho Josefina Vik og få oss drikka.

På skulen.

Det var berre læraren som hadde klokke og passa på tida. Han budde i lærarbusta-den slik at han kunne gå heim og eta middag i det store friminuttet. I den tida læra-ren var vekke, skulle liksom ordensmannen sjå etter elevane. Eg hugsar at eit år gjekk det sport i å klatra på vassbordet rundt skulehuset og koma seg inn att glaset ved kateteret. Dei minste som ikkje torde balanserunden med fingertuppane inn i borklednings-sprekkene, hadde som oppgåve å sjå etter når læraren kom ned trap-

pa der han budde. Når dei såg han, ropte dei: "Dar kjem han"! Denne sporten var både ulovleg og fårleg, for under skulehuset var det ein høg grunnmur.

Me hadde utedo i same huset som skykkja. Dette huset var utan straum. Ein ting eg misunnte gutane, var at det var berre på gutadoet det var vindauga.

Når me kom i fjerde klasse, fekk me handarbeid og sløyd. Då gjekk me kvar dag i to veker. Det var 4. - 7. klasse som hadde dette faget, og då hadde læraren sløyd med gutane. Me jenter fekk ei handarbeidslærarinne. I desse to vekene hadde småskulen fri. Jentene i 4. klasse fekk ikkje lov til å bruka symaskina, så dei måtte sy alt med hand.

Me laga oss m.a. handarbeidspose og "turndrakt". Og så skulle me sjølvsgatt læra å stoppa og strikka.

Litt frå timane

I ein teiknetime var oppgåva å teikna 17 mai-toget. Guten teikna eit svart hol med ein person som bar eit flagg. Læraren ville vita kvar det var blitt av resten av toget. Til det kunne guten svara at resten var inne i ?

Ein annan gong fekk me i oppgåve å teikna heimbygda vår. Då teikna den same teiknelystne guten 3-4 gule glasruter, medan resten var svartmala. Han kunne då fortelja den misnøgde læraren at det såg slik ut heime hjå dei om natta: "Du sa ikkje noko om kva tid på døgnet biletet skulle vera frå!" sa guten.

Ei skræmsle og stor skam var det å måtta sitja attpå for eitt eller anna. Oftast var det fordi for lite lekser var gjorde. Då måtte syndaren sitja inne i friminutta. På vår skule var det som oftast dei same som måtte sitja att. Men dette vart nokså ofte, og læraren gidda ikkje å sitja der med dei, så han kom på den glupe ideen at dei skulle få låna klokka hans. Når attsitjingstida var ute, skulle dei gå forbi huset hans og levera klokka attende. Men karane var lure: Når dei såg at læraren var vel komen innom døra i huset sitt, la dei berre klokka på kateteret og tok ein omveg gjennom skogen. Såleis kom dei heim frå skulen mest like snart som oss.

Ein stor dag for skulen var det når skuleinspektøren kom på besøk. Det kom alltid ein mann med hatt og frakk. Læraren gjekk ut og tok imot han, og me borna hadde ordre om å reisa oss og neia og bukka og seia goddag når han kom inn.

Skuleinspektøren sat der på ein ledig pult og følgde med i undervisninga, som eg kan hugsa verka noko kunstig den dagen. Eg syntest læraren gjorde seg til for framandkaren.

Elles var fordelene med besøket det at me fekk ekstra lange friminutt den dagen.

Ein haust hadde me fått ny lærar som var ein riktig hissig og sint mann. At det gjekk an å vera så sint og fæl overfor småskuleborna som sat som nokre utstillingsdokker

på pultane sine. Viss ein elev ikkje kunne svara på læraren sine spørsmål med ein gong, vart læraren så sint at han slo peikestokken i pulten framfor nasa på eleven så stokken brotna i to.

Ein gong tok han ein elev i øyrene og vrei dei rundt, berre fordi han ikkje svara nett slik som han hadde tenkt det.

Om hausten i 2. klasse byrja pugginga av salmevers og bibelsoge. Her skulle alle setningar med lita skrift puggast. Eg kan enno hugsa kor fælt eg streva med å læra utanåt det første salmeverset: Kling no klokka; alle versa måtte kunnast. Eg brukte ein heil dag pluss kvelden på å læra dette. Om kvelden sat eg med kjøkkenbordet og såg dei første snøflaka koma dalande, men eg måtte sitja inne og læra salmevers, for tenk om læraren spurde meg og eg ikkje kunne det heilt skikkeleg! Eg ville ikkje risikera å få peikestokken slegen i pulten framføre meg.

Heldigvis for oss reiste den sinte læraren etter eitt år.

I fjerde klassen fekk me ein ny lærar som vart verande i fire år. Han var så flink til å laga julatrefestar. Me øvde inn mange kjekke sketsjar og song firstemte songar. Alt dette fekk me framføra på festen i ungdomshuset på Straume. På den festen hadde me mat: Det var alltid skiver med ost og fårepølse og kakao til drikke. Det var ikkje elektrisk komfyr der i huset, så me kokte kakaoen på ein stor vedakomfyr. Det var berre me jentene i storskulen som laga mat og kakao, medan gutane laga til ved, som dei henta litt or kvart av nausta på Straume.